

Årsmelding for Husstyret, Lye forsamlingshus 2020

1. Styret

Etter årsmøtet 2020 på Lye forsamlingshuset har Husstyret bestått av følgende medlemmer:

Valgt av årsmøtet 2020: Leder	Tor Magne Fjetland
Valgt av årsmøtet 2016: Sekretær	Torill Sandmark
IMF: Styremedlem/Kasserer	Helen Slettebø
NLM: Styremedlem	Asbjørn Aarsland
Normisjon: Styremedlem	Øystein Dahlstrøm
Soknerådet: Styremedlem	Harald Auestad
NMS:	Ingen representant
Norges KFUK-KFUM:	Ingen representant
Ungdomane	Ingen representant

2. Styremøte

Husstyret hadde 5 styremøte, kor av eitt før årsmøtet. Av de 34 sakene styret har behandla i løpet av året vil vi kort nemne:

Koronaen: Covid-19 pandemien førte til at Husstyret måtte stenge huset for ein periode med grunn i smitteverntiltak. Når det vart mogleg å opne igjen for delvis bruk var det arrangørane som måtte stå for handteringa av smitteverntiltaka.

Serviceavtaler for sjekk av nødlýsanlegg, heiskontroll, brannsløkkingsapparat og brannslangar er inngått med eksterne firma.

Forsikringsavtale som sikrar dei som deltek på dugnadsarbeid.

Internkontroll og HMS: Det er viktig at Husstyret også har eit Helse-, Miljø og Sikkerheitsarbeid på Huset. Dette må vere eit levande arbeid som endrar seg etter farar og behov.

Støtte til projektor og anlegg på ungdomsloftet og ny programvare til infoskjermen i vindauge mot hovudutgang.

Alternativ basar: Det vart heller ikkje dette året halde basar for huset. Å avhalde basar er en tidkrevjande oppgåve som ofte faller på dei same personane kvar gong. Husstyret vedtok difor også dette året at vi skulle ha ein innsamling som alternativ til basar. Innsamlinga vart annonsert på heimesida og med oppslag på huset.

3. Arrangement

Aktivitetar på huset

Av de mange aktivitetane som drives på Forsamlingshuset vil vi nemne:

Gudstenester (DNK), Sundagssamlingar (INN kyrkja), sundagsskolen, onsdagsmøter, Husfellesskapsgrupper, Middag for 6, ungdomsarrangement, Varden ungdomsarbeid, KRIK, Lukas ungdomskor, Misjonsforeiningar, Lykkeliten, Lye barnegospel, konfirmantundervisning, dåpsskole, Lye Blå Kors speidarar, Solstreif barneforeining, Strikkekafé, Moskus.

Koronaviruset satt ein stopper for mykje av arbeidet på huset då samfunnet stengde ned i mars. Likevel har det vore tillat med noko aktivitet i periodar med avgrensa omfang.

4. Vedlikehold

Forsamlingshuset har behov for kontinuerlig vedlikehold.

Vedlikehaldsgruppa gjør trofast og uvurderlig innsats med å vedlikeholde huset, både innvendig og utvendig slik at det framstår som funksjonelt og moderne.

5. Økonomi

Inntekter: 231.957,-

Utgifter: 211.439,-

Resultat: 20.518,-

Husstyret har følgande hovudinntektskjelder:

Barnehagen, givertjeneste/gåver, alternativ basar og støtte frå INN-kyrkja var dei største inntektskjeldene. Den alternative basaren t.d. ga kr. 17.850,-.

Inntektene frå Telenor anlegget i kjellaren og bidrag frå Strikkekaféen har også vore gode å ha. De største utgiftspostane er bygg / anlegg, strøm og forsikring. I tillegg dette året har det vært nokre utgifter til nytt podium.

6. Framtid

Husstyret har hatt representantar frå 4 av dei 6 eigarorganisasjonane. God representasjon frå eigarorganisasjonane er viktig for legitimiteten til Husstyret.

Økonomi/fast gjevarteneste

Oppussing av forsamlingshuset kostar pengar. Me får inn noko på fast gjevarteneste og leigeinntekter. Me håper at fleire ønsker å bidra med eit fast beløp slik at huset kan verte betre og utviklast.

Dugnadsinnsats

Det er enda behov for ein betydeleg dugnadsinnsats for at huset skal vere triveleg å drive verksemd i. Man kan bidra gjennom tenestegrupper, som oppsett på dugnadslister eller gjennom eit konkret prosjekt.

Det er nokon «hull» i vaskelistene for vask av gangar, trapper og toalett på laurdagane. Vask av moppar og kjøkkenhandklede er også eit eksempel på basert på frivillig arbeid.

7. Ein spesiell takk til

Husstyret vil på denne enkle måten takke alle som stiller opp på aktivitetar, arrangement og støttefunksjonar på huset.

Ein spesiell takk til:

Alle som trufast møter opp og varetek huset.

Alle som har deltatt i forbindelse med dugnader og til de som har meldt seg til teneste praktiske tenestegrupper.

Alle som er med og vaskar/ryddar og dei som har sikra smittevernet på huset.

Alle som er med i gjevarteneste eller har gitt gåve til huset.

Alle andre som elles på kvar sin måte bidrar til at huset er et godt hus å trivest i og drive aktivitetar og arrangement i.

Lye, 08.02.2021

*Tor Magne Fjetland
Leier*

*Øystein Dahlstrøm
Styremedlem*

*Helen Slettebø
Kasserer*

*Asbjørn Aarsland
Styremedlem*

*Torill Sandsmark
Sekretær*

*Harald Auestad
Styremedlem*